

Nr. 4-2018, årgang 53.

# KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



**Med bod om ei stor glede.** (Utsnitt av takmåleri i Brunkeberg kyrkje, med teksten: «Halleluja Lova Herren» av Aslak Nestestog 1794, restaurert v/ Ulrik Henriksen 1941)



Side 4: Kyrkjebladet har møtt Karin Maria Larsen



## Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid  
Tlf. 35 06 81 31  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid  
Nettadresse: [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)



Kristen Salmelid  
Kyrkjeverje  
Kontor tlf. 35 06 81 31  
Mobil tlf. 97 04 78 60  
[post@kyrkjetrappa.no](mailto:post@kyrkjetrappa.no)



Møyfrid Lunde  
Sokneprest  
Kontor tlf. 35 06 81 32  
Mobil tlf. 46 90 72 31  
[sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no](mailto:sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no)



Dagfinn Køhn  
Organist  
Kontor tlf. 35 06 81 48  
[kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no](mailto:kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no)



Håkon Heggveit  
Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen  
Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 12 02 48  
[kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no](mailto:kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no)



Birgitte Nødland Danielsen  
Kyrkjelydssekretær og  
trusopplærer  
Kontor tlf: 35 06 81 28  
[sekretaer@kyrkjetrappa.no](mailto:sekretaer@kyrkjetrappa.no)



Eilev Erikstein  
Prostidiakon, 3880 Dalen  
Mobil tlf. 91 11 35 80  
[eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

### Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde  
Framsidedfoto: Olav Mosdøl  
Utforming: Niklas Karlsen  
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS  
Bladet er trykt på resirkulera papir.

### Gåver:

Bankkonto 2660 45 14648.  
Vipps 88041 (Den norske kyrkja i  
Kviteseid)

# Noko uventa har skjedd!

Kvifor feirar vi jul? Vi feirar ikkje jul fordi vi trur at Gud er til, eller fordi Gud har skapt den fantastisk flotte jordkloden vi bur på. Heller ikkje fordi han har skapt kvar einaste ein av oss unike. Dette trur vi og vedkjennast vi i kvar einaste gudsteneste. Gud som skapar er ein umisteleg tanke for kyrkja. Vi forkynner difor at vi har plikt til å kjempe for menneskeverdet som er truga, og ta vare på skaparverket som vi er i ferd med å øydeleggje. Men jul feirar vi av ein annan grunn. Vi feirar jul fordi noko heilt uventa og nytt skjeddde i verda. Noko som aldri hadde skjedd før og som var framand for alle filosofar og religiøse leiarar. Vi feirar jul fordi Gud, som var til før verda vart skapt, valde å bøye seg ned til oss menneske. Når Betlehemsmarka blir fylt av songen «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i», er det fordi det uventa har skjedd. Han som har all makt, gav avkall på sin herlegdom for å bli fødd som ein av oss. Det er noko dobbelt med mennesket. Ingen ting er som eit menneske, sjølv krona på skaparverket. Samstundes er det ingen som kan øydeleggje dei relasjonane dei står i, som oss menneske. Det gjeld tilhøvet til

medmenneska våre, til skaparverket og til Skaparen. Difor sa Jens Bjørneboe: «Hvem er et menneske som ikke vet vi trenger nåde og barmhjertighet?» Ole Paus undrar: «Hvem kommer til meg når andre går bort, hvem blir igjen? Hvem våger se bak alt jeg har gjort, og likevel kalle seg venn?» Jula er Guds svar på dette.

Jesus vart fødd fordi han elsker oss og kom til jorda for å frelse oss. Han kan gjere dei brotne relasjonane heile att. Han kan gjenoppretta det som var øydelagt, ved å sone synda vår og bryte den makta som synda, døden og Djevelen har over oss. Det er det som Bibelen kallar nåde.

Gud gjer seg så sårbar at han stiller seg slik at han kan bli avvist: «Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han. Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.» (Joh. 1, 11-12).

Difor feirar vi jul!

Stein  
Reinertsen  
Biskop i Agder  
og Telemark





## «Fjågesund er heimbygda mi»

**Av Olav Mosdøl**

*Desse orda tonar som ein melodi i hugen min. Eg har takka for meg hjå Karin Maria Larsen etter ein open og innhaldsrik samtale i Fjågesund, og sagt farvel til husbonden Hjørtur i Lauwkasinvegen 12. Har fotografert natur, rusla kring Fjågesund kyrkje og tala litt om sogene som finst kring kyrkjestaden. Kyrkja ligg fint oppe på høgdedraget nær sundet mellom Kviteseidvatnet og Flåvatn. Ho blei bygt ferdig i 1915 og vigsla 16. juni 1916. Det er ein flott utsynsstad. Framfor oss reiser det*

*bratte Ânåsfjellet seg i vest og nedafor ligg gardsbruka i «Fjågesund». Namnet som må tyde: det blide, glade sundet.*

### **Fjågesund før og no**

I samtalen kan Karin Maria Larsen (f. 1946) godt minnst tilbake på eigne barne- og ungdomsår. Ho ser tydeleg dei skiftande endringane i heimbygda når det gjeld bygdeliv og familie-samanhengar.

*– Korleis ser du skilnaden mellom før og no?*

Karin Maria fortel: - Eg hadde ei

bestemor som var gift oppe på Berge, og eg kom stadig hit frå Ulefoss i sommartid og feriar. Då møtte ein så mange i bygda og på gardane. Det var mykje samrøde og fellesskap mellom folk. Vi hadde butikk nede mot Fjågesund brygge som var eit treffpunkt, og bedehuset var ein møtestad for mange. Posthus hadde vi på Haugan, og ikkje minst ein solid grunnskule som var viktig for barn og unge. Der var det god dekning i staben, og vi minnest med glede lærarar som: Kjerstine Gundersen, Herdis Nordbø Jørgensen og Jan Rune Bjørnson. Borna våre hadde det bra på skulen.

– *Så kom forandringa?*

- Då me kom opp i 1990-åra og fram mot 2000-talet, blei mykje forandra. Det skjedde i tur og orden. Mange blei pendlarar, folk flytta på seg og ei rekkje barnefamiljar forsvann. Eg trur ikkje at her bur meir enn 50 no. Stundom set eg meg på verandaen og skodar ut over bygda, men eg ser sjeldan folk som er ute og går. Det er nesten ingen bilar heller. Då vi bygde hus her og flytta inn i 1980 kom det stadig vaksne og eldre og såg på byggverket. Det var m.a. Tor Peder Lauvstad, Gunvald Østenå og Kristoffer Haugan. No er fleire borte, og skulen er seld. Det er blitt så stille, men Fjågesund er heimbygda mi.

## **Ulefoss og Island**

Mor til Karin Maria voks opp på Berge, eit småbruk på ca. 300 dekar, oppe i heia på vegen til Tørdal. Far hennar var frå Ulefoss og hadde jobb på sliperiet hos Cappelen, der dei produserte cellulose. Heimen deira låg på Odden oppover langs elva mot Eidsfoss. Oppveksten på Ulefoss i etterkrigsåra var bra i lag med ein yngre bror, venninner og gode leikekameratar. Ho minnest at 1. mai var ein stor dag med tog, talar og gratis kino. Den var nesten større enn 17. mai.

– *Etter folkeskule og realskule blei du ikkje buande heime på Ulefoss?*

- Først gjekk turen min til landbruksskulen på Frogner i Skien og fortsette på Søve landsbruksskule. Til saman blei det 2,5 år med landbruksutdanning og agronomkompetanse. Men så melde eventyrlysta seg, og livet tok ei anna lei. Ei venninne, eg og ein kompis hadde tenkt på Sovjet, men heldigvis blei det Island. Min første jobb var på ein gard på Sørvest-Island ca. 7 mil frå Reykjavik. Der var eit særmerkt landskap, og dei hadde 40 kyr, ungdyr, sauer og hest. Seinare jobba eg som kokk i eit arbeidslag. Vi blei på Island i 11 år, frå 1967 til 1978. Då kom eg med familien min til Bø og leigde hus i tre år på Sisjord før vi flytta til Fjågesund.

## **Arbeid i bygda og kommunen**

Det skjedde mykje i bygda då Karin Maria og familien slo seg ned i Fjågesund. Grendehuset var ein møtestad med mykje dugnadsarbeid, og viktige drøftingar var i gang om bru over sundet til Østenå. I si tid var Kristoffer Haugan formann i soknerådet, og fleire ting blei ordna på ein god måte. Det blei m.a. lagt opp til flomlys på kyrkja og reiskapshus på kyrkjegarden.

*– Du kom også med i soknerådet?*

- Det var Kjerstine Gundersen som spurde om eg ville vere med. Eg sa «ja» og har aldri angra. Det var tidleg i 80-åra. Eg var leiar i 1986 då vi la opp til 70-årsfeiring av kyrkja vår. Vi valde det året, for at vi ikkje skulle kollidere med ei 75-markering av Kviteseid kyrkje i 1991. Mange var inviterte og kom til jubileet, ikkje minst dei som var blitt døypte på vigslingsdagen i 1916. Det var sett opp båtar frå Strengen og Kviteseid. Vår prest var Ivar Aartun, og han hadde gudstenesta saman med kapellan Øyvind A. Jørgensen. For meg var det også fint å vere aktivt med på 100-årsjubileet i 2016.

*- Kva med arbeidet ditt i kommunen?*

- Kviteseid har vore ein god arbeidsplass for meg. Det har lagt seg til rette slik at eg har vore knytt til fleire arbeidsfelt. Eg kan nemne:

sosialkontoret, helse- og omsorgsarbeid på Lundenjordet og Kviteseid kyrkjekontor. Der kom eg inn midt på 2000-talet medan Jan Einar Eng var kyrkjeverje. Eg opplevde eit fint samarbeid med trygt og romsleg fellesskap. Elles har eg vore aktivt med i politikken i Kviteseid kommune i mange år, både i kommunestyre og formannskap. Åra 1999 til 2003 var eg ordførar for AP i Kviteseid.

## **Song og salmar**

*- Betyr kyrkja og den åndelege sida noko for deg?*

- Ja, det gjer det absolutt. Skal eg nemne noko som har betydd mykje, er det den åndelege, romslege og hjelpsame haldninga i fellesskapet eg har møtt. Songen og salmane er så viktige for meg. Eg har vakse opp med denne arven frå den tid eg vandra på bedehuset og i Frelserarmeen. Vi lærte også salmar i skulen på Ulefoss, hadde songtimar og kunne tekstene utanåt. Eg kan framleis hugse mange.

*- Dette er eit intervju til jolenummeret. Kva salme vil du velje?*

- Eg kjenner det vanskeleg, for det er så mange fine. Men det må bli Ingemanns klassiske salme «Deilig er jorden» og Jakob Sandes «Det lyser i stille grender». Når eg høyrer desse, får eg alltid ein klump i halsen. Då er det jol for meg.

# Ulike joleminne mellom oss



Konfirmantane Anna Kveven Sørensen og Tuva Grindholm ramsar opp fleire døme på gode joleminne. «Å stå opp om morgonen, dusje og sjå på filmar medan ribba steiker. Det er mørkt og ein kan kose seg inne.», seier Anna. Dei tenkjer på adventstida og jolesongar. Dei snakkar om mat, samhald og det sosiale med familien. «Det finaste er at vi kan vere saman med dei vi er glad i.», meiner Tuva. «Det blir lyst i ei mørk årstid.», samanfattar Anna.



For Guillermo Barbaro Bonachea Medina er jol knytt til familien. «I oppveksten på Cuba var vi saman med både besteforeldre og søskenbarn. Jolaftan kom vi saman ifrå fire-fem-tida på ettermiddagen. Vi spelte musikk – spanske jolesongar, kalt 'villancicos' - og åt snacks. Vi venta med å ete middag til midnatt. Då var det gris og salat. For meg er det ikkje viktig å få gåver. Eg vil berre vere med familien og ha det gøy saman.»



Quartile Ndizeye Gotuholt, eller Kate som mange kjenner henne som, fortel om jolefeiring frå hennar oppvekst i Burundi. «Her er det mykje tradisjon, kaos og stress med gåver, men der var vi samla til minne om Jesu fødselsdag. Der var det lousong og bøn i kyrkja frå kl. 18 på jolaftan og gjennom natta. Så var den store jolefeiringa 25. desember med gudsteneste morgon, midt på dagen og kl 17. Eg hugsar gleda og jubelen over Jesusbarnet som er født. Så samla vi oss familie, vener og naboar og åt saman. Dei som hadde mat delte med dei som ikkje hadde. Vi ga aldri gåver. Gleda er at Jesus blei født.»



Eilev Omland (79) i Morgedal var einbarn til han var åtte år. «På jolekvelden hadde vi besøk av besteforeldre og tanter og onklar. Det var koseleg, og eg var glad for gåvene eg fekk, men eg såg fram til å treffe andre born og vere saman med dei på den tradisjonelle joletreffesten fyrste dag jol.»

# Vrådal gamle kyrkjegard

Av Øyvind Jørgensen

Etter at kyrkjegarden hadde blitt drøfta fleire gonger i soknerådet, vart det halde eit folkemøte 7. juni. Der var det allmenn semje om at dette kulturminnet må bli stelt og teke vare på, og gjerne bli bruka til gudsteneste ein gong imellom også, og bygdefolket sa seg villig til å gjere dugnadsinnsats. Lokalt vert dette arbeidet leia av kyrkjelydsutvalet i Vrådal.



Det var klart at fleire av dei gamle bjørkene måtte bort. Vest-Telemark Kraftlag tok det meste av fellinga, då det var leidningar like ved. Trygve Straumsnes kvista trea og fjerna stammene.

Den 3. november møtte ein dugnadsgjeng av kvinner og menn for å fjerne ei mengd med kvist frå dei store trea. Trygve hadde fliskuttar, og Leif Roholdt stilte med traktor og hengar. Det vart også fjerna ein del kratt og runnar, særleg rundt muren.

Nokre av bjørkene står att, fem mot nord-aust og to mot nord-vest, i ein fin krans. Elles er kyrkjegarden blitt open, bortsett frå eit fint briskeetre som står att. Dei som var med, tykte det har blitt fint. Vidare vil spontaket på inngangsportalen bli reinsa, nokre steinar blir fjerna, muren vil bli reparert eit par stader, og gravminner blir retta opp og pussa, slik at skrifta kan bli synleg.







## Salmekvelder med vår organist Dagfinn Køhn

Til sommaren går organisten vår, Dagfinn Køhn, av med pensjon. Han har då arbeida som organist her i Kvite-seid i over 30 år, og har med dette ei sær lang erfaring med gudstenesta, gravferder og salmesong. I denne tida har gamle salmebøker vore skifta ut fleire gonger. Og Dagfinn har hatt ei særskilt interesse for å systematisere og sjå på utviklinga av salmetradisjonen i desse åra. Han har ført statistikk og samla historikk som han har hatt foredrag om både i heimlege traktar i Farsund og for organistane her i Øvre Telemark.

No er tida inne for at vi her i Kvite-seid òg kan få ta del i noko av hans funn og faglege innsikt knytt til salmetradisjonen i kyrkja.

Vi inviterer til to opne kveldar i Kvite-seid kyrkje:

13. og 20. januar kl. 18.00.

Dette vert altså ikkje tradisjonelle salmekvelder med mykje fellessong. Men noko felles song vert det og mykje attåt.

Velkommen!



## Kom, for alt er gjort ferdig

Dette seier presten i kyrkja når vi skal feire nattverd saman. Men ikkje alle kan kome seg til kyrkja. Nattverd er eitt av to sakrament i vår kyrkje. Det er ei heilag handling som Jesus har innsett for fellesskapet i Han. Vi vil difor gjerne at alle skal ha eit reelt tilbod om å ta imot nattverd heile livet.

Frå i haust gjev vi tilbod om nattverd-gudsteneste ein onsdag i halvåret kl. 11.15 på KOS. Dato vil bli gjort kjent på førehand ved oppslag, og pårørande er velkomne til å delta saman med sine om dei ynskjer det og er ledige på føremiddagen.

Ein kan òg ta kontakt om ein ynskjer å ta imot nattverd privat – heime eller på institusjon. Dette kallar vi soknebod. Nokon ynskjer å ta imot nattverd på denne måten

når det går mot slutten av livet. Men ein kan òg gjere fast avtale om å ha soknebod heime jamleg om ein ikkje kan komme til kyrkja. Vår eldste innbyggjar i kommunen, Dagny Findreng (104), har skrive eit dikt om dette spesielle måltidet:

### **KOM, FOR ALT ER FERDIG**

Herre, eg kjem til ditt bord  
for å ta imot vin og brød.  
Herre, eg kjem på ditt ord.  
Du som sona min synd med din  
død.  
Eg kjem som eg er – uverdig.  
Du gjev meg din lekam, ditt blod.  
Di soning gjer meg rettferdig,  
og Du gjev liv og overflod.  
Din kjærleik er utan like, -  
det er nåden som rår i ditt rike.

## Konsert med Emil Solli-Tangen 8. desember kl. 17 i Kviteseid kyrkje



For fjerde året på rad drar Emil Solli-Tangen ut på sin akustiske julekonsert-turné. Med seg har han sine to faste musikarar: Jan Birger Akerhaugen på gitar og Terje Meisingset på orgel og piano, begge to kjent frå Ni Liv. Saman ynskjer dei å gje deg ein nedstrippa og varm julekonsert, der du kan puste ut og gløyme stress og mas for ei stund.

Repertoaret er variert og består av både kjente og ukjente julelåter i fleire sjangrar. I tillegg til dei kjære norske julesongane vil du også få høyre perler frå opera-tradisjonen og amerikanske jazzklassikarar.

Dørene åpner: 16.00

Konsertstart: 17:00

Billetter kan kjøpast på [ticketco.events](https://www.ticketco.events) eller ved inngangen.

Forhåndssalg: 275,-

Billetter ved inngang: 300

Barn under 12 år gratis

## Tårnagenthelg 9. og 10. februar

For fyrste gong på mange år inviterer vi til Tårnagenthelg att. No inviterer vi 3. og 4.- klassingar i heile soknet til Brunkeberg kyrkje. Tårnagenthelg er eit kjekt og spanande tiltak som mange kyrkjelyder arrangerer. Barna som kjem får agentbevis og får løyse oppdrag og mysterium i kyrkja. Vi skal utforske kyrkja - frå det høge kyrkjetårnet med kyrkjeklokka og ned til kjellaren, og vi skal leite etter skattar både der og i bibelforteljing.



Barna bur heime, men vi er saman i kyrkja laurdag kl. 15.00-20.00 og sundag kl. 09.30-13.00.

Alle i alle aldrar er velkommen til tårnagentgudsteneste 10. februar i Brunkeberg kyrkje.

Vi vil arrangere tårnagenthelg annakvart år for 3.- og 4.- klassingar, så her må ein gripe sjansen og melde seg på! Vi sender ut invitasjonar til alle døypte i desse årskulla som vi har adresse til, men alle andre i same alder er velkommen. Tips naboar og familie om tårnagenthelga!

## Finn vegen til Betlehem!

Hjelp gjetarane og vismennene å finne vegen til stallen der Jesus er fødd!



## Finn 8 namn frå juleforteljinga!

Namna på åtte personar og byar frå juleforteljinga er gøymde inni rutenettet under. Kan du finne dei?

O	G	S	K	U	E	M	B	O	K
M	A	P	N	I	K	S	E	B	I
A	B	R	A	H	A	M	T	E	L
R	R	I	S	O	U	Y	L	M	A
I	I	N	A	S	G	R	E	U	M
A	E	G	R	P	U	A	H	T	O
K	L	Ø	E	I	S	V	E	Å	T
T	I	T	T	E	T	I	M	K	O
J	O	S	E	F	U	S	S	U	R
T	R	E	L	I	S	A	B	E	T

## Finn 5 feil

Teikning: Emily Fox

Gjeterane fann den nyfødde frelsaren i ei krubbe, akkurat som engelen hadde sagt. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



## Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Disse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Vitsar

- Pappa, er pærer grønne?
- Ja.
- Er dei saftige?
- Ja.
- Har dei fire bein og eit hovud?
- Nei.
- Æsj, då har eg nok ete ein frosk.

- I år er nyttårsløftet mitt å ete endå meir godteri.
- Du meiner vel endå mindre?
- Nei, det var i fjor. I år vil eg ha eit løfte eg klarer å halde.

# Smått og stort

## GJEVARGLEDE! DI STØTTE GJER EIN FORSKJELL!

Vil DU vil bli med å støtte kyrkja i Kviteseid?

Mykje av kyrkja sitt arbeid som drift av bygningar og mykje av lønsmidlane, finansieres av statleg tilskot gjennom kommunen.

Alt det andre vi vil gjere, treng vi anna støtte til, som til dømes:

- BORN OG UNGE (trusopplæring)
- ELDRE/SJUKE/EINSAME m.m (diakoni)



FONDAGSKOLEN  
Jesus til barna

LVS  
VÅKEN

ØKONOMI  
TILBUD

TÅRNAGENT



DEN NORSKE KYRKJA

• Dette kan DU vere med på om du støtter kyrkja økonomisk:

• Prostdiakonen kan halde fram med å besøkje einsame og sjuke

• Eldre jubilantar får blomheising

• Konfirmantane får bibel og materiell, og eit godt måltid mat for kvar undervisning

• 4-åringar får bok

• 5-åringar får aventskalender

• Døpsborn får ljøs, og foreldra får hjelpemateriell til å formidle kristen tru

• Blir mange med, kan ynsket om å auke trusopplærar-stillinga bli ein realitet

KVITESEID SOKN

Kyrkjekontoret  
på kommunehuset  
Kviteseidgate 13  
3850 Kviteseid

www.kviteseid.sokn.no

Facebook: @kyrkjetrappa

## Takk for gåvene i bladet!

Pr 15. november er det kome inn kr 48.000 i gåver gjennom bladet berre i 2018. Tusen takk.

Alle vi har registrert innbetalingar frå i 2018, vil få eller har kanskje allereie fått eit takkebrev i posten.

### Julegåva i år går til trusopplæringa for 0-18-åringar i kyrkjelyden.

Du har kanskje sjølv born eller borneborn i den alderen? Du kan med dette vere med å gje dei unge noko godt og verdifullt.

## Kor er du?

Vi trur du er her ein stad, du som ynsker litt arbeid i kyrkja, kan gjere noko kontorarbeid og møte born og unge på kyrkjelege arrangement.

Vår gode sekretær og trusopplærar Birgitte ventar tvillingar og treng ei ekstra lang pause frå arbeidet i kyrkja. Vi søker difor etter ein vikar som kan ta ei inntil 15 % stilling som sekretær på kyrkjekontoret og om lag 15 % stilling som medhjelpar i trusopplæringsarbeidet. Fullstendig utlysing ligg på [www.nav.no](http://www.nav.no) under Kviteseid.

# Meir himmel på jorda

## Døypte

Brunkeberg: Maren Tønnesland  
Råmunddal.

Kviteseid: Lucas André  
Bonachea-Kåsi.  
Peter Lemayan  
Jebsen.  
Sigurd Aabø.  
Endre Breidalen.

## Vigde

Kviteseid: Camilla Nyland og  
Runar Nilsen.

(fortset frå side 16)

### MARS

**Sun 24. Maria bodskapsdag**

Luk 1,39-45

Vrådal kl. 11.00. Familiegudsteneste.  
Møyfrid Lunde. Barnegospel.  
Ofr. Den norske Israelsmisjon.

**Ons 27. Taizégudsteneste**

Kviteseid kl. 19.00. Kyrkjekoret.

**Sun 31. 3. søndag i fastetida**

Luk 22,28-34

Brunkeberg kl. 11.00. Gudsteneste.  
Møyfrid Lunde. Kyrkjekoret.  
Nattverd. Oftr. Kyrkjelydsarb.  
Årsmøte etter gudstenesta.

## Gravlagde

Fjågesund: Inge Rosland.

Kviteseid: Åse Snaunes.  
Ranveig Belland.  
Torhild Nyland.

Vrådal: Magne Jon Briskelid.  
Tor Sanden.



### APRIL

**Sun 07. 4. søndag i fastetida**

Joh 6,24-36

Kviteseid kl. 11.00. Familiegudsteneste.  
Møyfrid Lunde. Unge røyster.  
Nattverd. Oftr. Kyrkjelydens  
misjonsprosjekt.

**Sun 14. Palmesundag**

Inga gudsteneste

**Tor 18. Skjærtorsdag**

Brunkeberg kl. 18.00

**Fre 19. Langfredag**

Vrådal kl. 11.00

**Sun 21. Påskedag**

Kviteseid kl. 11.00

Vrådal kl. 13.30

# Oppslagstavla

## Ønskjer du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

## Kyrkjelydens føremiddagstreff på Misjonshuset:

23. januar kl. 11  
20. februar kl. 11  
20. mars kl. 11  
24. april kl. 11

## Salmekvelder med Dagfinn Køhn

(sjå info i bladet på side 9)  
13. og 20. januar kl. 18 i Kviteseid kyrkje

## Felles møtehelg i mars

Kyrkja samarbeider med Betel, Misjonshuset og Fredheim om denne møtehelga. Møta er dette året i Kviteseid kyrkje.

08. mars kl. 19.30  
09. mars kl. 17.00  
10. mars kl. 17.00

Talar: John R. Hardang  
Laurdag og søndag vert det opplegg for barna parallelt.  
Velkommen til alle!

## Vrådal Normisjon 2019

### JANUAR

Torsdag 17. kl.18,30 Kveldsmat og søndagens tekst

### FEBRUAR

Sundag 3. kl.16 Songsamling på Bedehuset.  
Torsdag 14. kl.18,30 Kveldsmat og søndagens tekst. På Heia.

### MARS

Sundag 3. kl.16 Songsamling på Bedehuset.  
Torsdag 21. kl.18,30 Kveldsmat og søndagens tekst. På Heia.

### APRIL

Sundag 14. kl.16 Songsamling på Bedehuset.

For nærare opplysningar sjå lysingar i VTB



Les meir om tårnagenthelg for barna på side 11.

Returadresse:  
**Kyrkjekontoret**  
**Kviteseidgata 13**  
**3850 Kviteseid**

# Gudstenester

## DESEMBER

### Sun 16. 3. søndag i advent

Kviteseid kl. 18.00. Adventkonsert.

### Sun 23. 4. søndag i advent Matt 1,18-25

Kilen kapell kl. 16.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Oftr. Kyrkjelydsarbeidet. Eit annleis jolebord etter gudstenesta.

### Mån 24. Jolaftan Luk 2,1-20

Fjågesund kl. 12.45. Gudsteneste. Møyfrid L. Vrådal kl. 14.30. Gudsteneste. Øyvind J. Brunkeberg kl. 15.00. Gudsteneste. Møyfrid L. Kviteseid kl. 16.15. Gudsteneste. Møyfrid L. Alle: Oftr. Kirkens Nødhjelp

### Tys 25. Joledag Joh 1,1-14

Kviteseid kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Vrådal kl. 13.30. Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Begge: Oftr. Det Norske Misjonsselskap (NMS).

### Mån 31. Nyttårsaftan Matt 11,25-30

Kviteseid kl. 23.15. Midnattsmesse. Møyfrid L

## JANUAR

### Sun 06. Kristi openberringsdag

Joh 12,42-47  
Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste. Eilev Erikstein og Møyfrid Lunde. Nattverd. Oftr. Diakonaten i Vest-Telemark.

### Sun 13. 2. søndag i openberringstida

Inga gudsteneste

### Sun 20. 3. søndag i openberringstida

Joh 1,15-18  
Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Dåp. Oftr. Kvitsund gymnas.

### Sun 27. 4. søndag i openberringstida

Ordt. 14,21-22.25.31  
Vrådal kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Kyrkjekoret. Dåp. Nattverd. Oftr. NLM/Wycliff Bibeloversettelse.

Misjonshuset kl. 16.00. Felles familiemøte.

## FEBRUAR

### Sun 03. 5. søndag i openberringstida

Joh 5,1-15  
Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Nattverd. Oftr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

### Sun 10. 6. søndag i openberringstida

Mark 13,21-27  
Brunkeberg kl.11.00 Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde. Unge røyster. Tårnagentar. Oftr. Søndagsskolen, Telemark.

### Sun 17. Sámannssøndag

Inga gudstjenste

### Sun 24. Kristi Forklåringsdag

Luk 9,28-36  
Fjågesund kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Nattverd. Oftr. Kyrkjelydsarb.

## MARS

### Sun 03. Fastelavnssøndag Luk 18,31-34

Kviteseid kl. 11.00. Familiegudsteneste. Møyfrid L. Barnegospel. Utdeling av dåpsminnegåver 1-3 år. Oftr. IKO

### Sun 10. 1. søndag i fastetida

Inga gudsteneste  
(Merk felles møtehelg)

### Sun 17. 2. søndag i fastetida Luk 13,22-30

Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid L. Kyrkjekoret. Nattverd. Oftr. Menneskeverd.

*(fortset side 14)*